



Fylkesmannen i
Hordaland

**Rapport frå tilsyn med
Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet
i Meland kommune
24. januar 2017**

Om tilsynsobjektet		Om tilsynsførande myndigheit	
Kommunenr. og namn:	1256 Meland	Namn:	Fylkesmannen i Hordaland
Besøksadresse:	Havnevegen 41 5906 FREKHAUG	Tilsynsgruppe:	Arve Meidell Fredrik Arnesen Lene Stavseng
Postadresse:	Postboks 79 5906 FREKHAUG	Tilsynsleiar:	Arve Meidell
Dato for tilsynet:	24. januar 2017	Dato for rapport: Utgåve:	24.03.2017 Endeleg
Kontaktperson:	Kari Anne Iversen	Jnr./arkivkode:	2016/16375-350

Samandrag

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn med utvalde område av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Meland kommune 24.01.2017. I tilsynet avdekte Fylkesmannen tre avvik, og har i tillegg ein merknad.

Avvik

1. Meland kommune kan ikkje dokumentere heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.
2. Meland kommunes overordna beredskapsplan er ikkje fullt ut i samsvar med lovkrav. Mellom anna manglar plan for evakuering. Vidare er ikkje ansvar, roller og fullmakter tilstrekkeleg avklart.
3. Meland kommune har ikkje eit system for læring og kompetansebygging.

Merknad

Arbeidet med revisjon av den heilskapelege ROS-analysen må startast opp snarast for å verte ferdig innan fristen. Meland kommune har sidan ROS-analysen vart godkjent i 2014 identifisert fleire nye risikofaktorar som skal vurderast ved neste revisjon.

Innhald

1. Innleiing.....	4
2. Heimel for tilsynet.....	4
3. Tilsynet omfattar.....	4
4. Dokumentasjon.....	5
5. Deltakarar i tilsynet.....	6
6. Funn.....	6
6.1 Avvik 1 – heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.....	6
6.2 Avvik 2 – beredskapsplan.....	7
6.3 Avvik 3 – system for opplæring og kompetansebygging.....	7
6.4 Merknad 1 – heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og oppdatering / revisjon.....	8
7. Fristar og vidare oppfølging.....	8

1. Innleiing

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Meland kommune 24.01.2017. Føremålet med tilsynet er å undersøke om arbeidet i kommunen med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med gjeldande lov- og forskriftsverk.

I forkant av tilsynet fekk Fylkesmannen tilsendt relevante dokument, og desse utgjer grunnlaget for tilsynet. Eit førebuande telefonmøte med Meland kommune vart halde 11.01.2017 der tilsendt dokumentasjon vart kvalitetssikra og program for tilsynsdagen gjennomgått. Tilsynsdagen starta med eit opningsmøte, før ein deretter gjekk over til individuelle samtalar med utvalde personar i kommunen.

Oppsummering av funn frå tilsynet vart sendt kommunen 10.02.2017, og vidare presentert i slutt møte per telefon 13.02.2017. Kommunen fekk høve til å kommentere Fylkesmannens funn, og korrigere eventuelle mistydingar og uklåre omstende.

Fylkesmannen og kommunen avtalte i slutt møtet at førebels tilsynsrapport skulle sendast for høyring. Kommunen fekk tre vekers frist for å gi tilbakemelding. Nokre presiseringar er gjort i denne endelege utgåva av rapporten. Sjå utfyllande informasjon under avvika.

2. Heimel for tilsynet

Fylkesmannen er gjennom [instruks 19. juni 2015 nr. 703 for fylkesmannens og Sysselmannen på Svalbards arbeid med samfunnsikkerhet, beredskap og krisehåndtering](#) pålagt å føre tilsyn med at kommunane oppfyller krav i gjeldande lov- og forskriftsverk om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet har heimel i:

- a) [lov 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret](#) (sivilbeskyttelseslova) (§ 29)
- b) [forskrift 22. august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt](#) (§ 10)

3. Tilsynet omfattar

Fylkesmannens tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i kommunar er ein kontroll av at kommunane sitt arbeid samsvarer med § 14 og § 15 i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova), og nærare utdjupa i forskrift om kommunal beredskapsplikt. I praksis omfattar dette m.a. oppfølging av krav knytt til heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, ROS-analysar og oppfølging av uønskt risiko, utarbeiding av beredskapsplanar, system for opplæring og kompetanseheving, og øving. Det er eit eksplisitt krav til at kommunen skal kunne dokumentere skriftleg at lov og forskrift er oppfylt (jf. § 9 i forskrift om kommunal beredskapsplikt).

I tilsynsrunde 5 (2016–2019) fokuserer Fylkesmannen på kommunens oppfølging av verksemdar med stort ulykkespotensiale og kommunens handtering av samfunnsviktig infrastruktur som til dømes kraftforsyning, vatn, veg og IKT. Kommunal kriseleiing, medrekna systematisk kompetansebygging, øvingar og evalueringar er ein viktig del av tilsynsrunde 5. Vidare rettar Fylkesmannen fokus på at arbeidet vert gjort på ein heilskapleg og systematisk måte og at det inngår som ein integrert del av den daglege aktiviteten i kommunane.

Fylkesmannens funn ved tilsyn kan bestå av følgande:

- **Avvik:** brot på krav gitt i lov og/eller forskrift
- **Merknad:** tilhøve som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men som kommunen likevel bør følge opp

Denne tilsynsrapporten omhandlar berre dei avvik og forbetringpunkt som vart avdekte under tilsynet på dei område det vart ført tilsyn med. Tilsynsrapporten er ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunens samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, og heller ikkje ei evaluering av kommunens evne til å handtere reelle hendingar.

4. Dokumentasjon

Meland kommune har som grunnlag lagt fram følgande skriftlege dokument:

- Utfylt statuskartleggingsskjema for Meland kommune
- Overordna ROS-analyse 2013
- Beredskap årsmelding 2015
- Utdrag av investerings-rekneskap 2015
- Innhald i Beredskapsperm, handlingsplan og oversyn planar. Inkludert ettersending av innhald og Beredskapsplan for alvorlige hendingar Meland ungdomsskule
- Evalueringar etter to hendingar og to øvingar i kommunen
- Tiltaksplan vassforsyning avlaup og vassmiljø 2015-2019- Meland kommune
- Beredskap vassforsyning herunder Del A – Fareidentifikasjon, Del B – Risikovurdering, Del C – Beredskapsanalyse
- Beredskapsplan for Meland og Husebø vassverk

Dokumentasjonen vart gjennomgått i forkant av tilsynet og nytta som grunnlag for samtalar i tilsynet.

5. Deltakarar i tilsynet

Tabellane under syner kven som har delteke i tilsynet frå høvesvis Fylkesmannen og kommunen.

Tabell 1 – Deltakarar frå Fylkesmannen i Hordaland

Namn	Funksjon	Førebuaende møte	Opningsmøte	Individuelle samtalar	Sluttmøte
Arve Meidell	Fylkesberedskapssjef	x	x	x	x
Lene Stavseng	Seniorrådgjevar	x	x	x	x
Fredrik Arnesen	Seniorrådgjevar		x	x	

Tabell 2 – Deltakarar frå Meland kommune

Namn	Funksjon	Førebuaende møte	Opningsmøte	Individuelle samtalar	Sluttmøte
Ingvild Hjelmtveit	Rådmann		x	x	
Kari Anne Iversen	Beredskapskontakt/ Personal- og administrasjonssjef	x	x	x	x
Anny Bastesen	Sektorsjef		x	x	x
Kristin Nåmdal	Samfunnsplanleggjar		x	x	x
Jens Dahl	Drifts- og vedlikehaldsleiar		x	x	x
Reidun Elin Johannessen	Skulefagleg rådgjevar		x	x	x
Tord Moltumyr	Kommunelege		x		
Karl Johannes Romarheim	Brannsjef		x		x

Både ordførar og varaordførar vart forhindra frå å delta i tilsynet. I sluttmøtet vart rådmann og kommunelege forhindra i å delta.

6. Funn

Etter tilsyn med utvalde område knytt til Meland kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, konkluderer Fylkesmannen i Hordaland med følgande funn (avvik og merknader):

6.1 Avvik 1 – heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid

Meland kommune kan ikkje dokumentere heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Regelverkskrav

Funnet er eit avvik i høve til § 14 i sivilbeskyttelseslova, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3 første ledd, bokstav a og b.

Utfyllande informasjon

Det følger av avviket at Meland kommune ikkje kan dokumentere eit heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har ikkje i tilstrekkeleg grad nytta heilskapleg ROS-analyse som utgangspunkt for eit systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, og manglar i stor grad langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan

for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. Gjennom intervjuet fekk Fylkesmannen eit klart inntrykk av at Meland kommune ikkje har eit fungerande, formelt system for å sikre at resultat frå ROS-analysen vert ført vidare til arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, m.a. når det gjeld førebyggjande arbeid og utarbeiding av beredskapsplanar.

Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet skal vere integrert i den daglege kommunale verksemda. Til dette ligg det at arbeidet skal innarbeidast i kommunens «styringshjul» og omtalast i m.a. økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsrapport, jf. kapittel 8 i kommunelova. Temaet skal òg integrerast i planarbeid etter plan- og bygningslova, jf. § 3-1 h. Vidare skal den heilskaplege ROS-analysen nyttast som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med planar etter plan- og bygningslova. I Meland kommune er ikkje arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i tilstrekkeleg grad satt i system med kommunens planarbeid og mangelfullt omtalt i kommuneplanens samfunnsdel. Til dømes bør samfunnsdelen ha ein betre omtale av strategi for førebyggjande arbeid med samfunnstryggleik innan dei ulike sektorar og fagområde i kommunen.

Planstrategi for Meland kommune 2016-2020 er for tida under utarbeiding. Som eit minimum må den lovpålagte ROS-analysen etter sivilbeskyttelseslova § 14 og beredskapsplanen etter § 15 omtalast i planstrategien.

6.2 Avvik 2 – beredskapsplan

Meland kommunes overordna beredskapsplan er ikkje fullt ut i samsvar med lovkrav. Mellom anna manglar plan for evakuering. Vidare er ikkje ansvar, roller og fullmakter tilstrekkeleg avklart.

Regelverkskrav

Funnet er eit avvik i høve til § 15 i sivilbeskyttelseslova, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4, bokstav a og d.

Utfyllande informasjon

Meland kommunes beredskapsplan omtalar ikkje i stor nok grad oppgåve- og ansvarsdeling i kommunens kriseleiing (KKL), og det vert lagt for sterke avgrensingar på kven som kan ta initiativ til å kalle inn KKL og det kjem ikkje klart nok fram kven som har fullmakt til å kalle inn KKL. Krisesituasjonar stiller krav til raske avgjersler og tiltak. Planen må av den grunn innehalde kven som skal gjere kva, når og korleis. Til dømes bør alle med ei rolle i KKL hatt fullmakt til å kalle inn. Kommunen har kartlagt moglege innkvarteringsstader i høve evakuering, men førebels manglar plan for korleis evakueringa skal gjennomførast. I planen må som eit minimum organisering, roller og oppgåver skildrast.

Ved neste revisjon av beredskapsplanen må kommunen vidare nytte høvet til å få ein betre struktur på krise- og beredskapsplanen.

6.3 Avvik 3 – system for opplæring og kompetansebygging

Meland kommune har ikkje eit system for læring og kompetansebygging.

Regelverkskrav

Funnet er eit avvik i høve til § 15 i sivilbeskyttelseslova, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7 andre ledd.

Utfyllande informasjon

Meland kommune kan ikkje dokumentere eit heilskapleg system for opplæring og kompetansebygging, og kan ikkje vise til oppfølging av kvalifikasjonar for roller og funksjonar i kriseleiinga. Dette kan til dømes løysast gjennom å utarbeide ei kompetansematrise der roller og ansvar, med tilhøyrande kompetansekrav og faktisk kompetanse vert kartlagt. Denne kan danne grunnlaget for ein opplæringsplan.

6.4 Merknad 1 – heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og oppdatering / revisjon

Arbeidet med revisjon av den heilskapelege ROS-analysen må startast opp snarast for å verte ferdig innan fristen. (ROS-analysen skal reviderast minimum kvart 4. år.) Meland kommune har sidan ROS-analysen vart godkjent i 2014 identifisert fleire nye risikofaktorar som skal vurderast ved neste revisjon.

Regelverkskrav

Merknaden er i høve til § 14 i sivilbeskyttelseslova, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2, bokstav a til e, og § 6.

Utfyllande informasjon

Meland kommune har mellom anna vorte kjent med tilhøve knytt til leir-/siltskred ved Fløksand. Vidare er Meland kommune sårbar med tanke på bortfall av brusamband. Fylkesmannen rår òg til at hendingar utanfor kommunens område som kan ha innverknad for kommunen kartleggast og analyserast.

Gjennom intervjuja fekk Fylkesmannen inntrykk av at Meland kommune ved uveret Nina og under Øving Hordaland 2015 opplevde utfordringar knytt til bortfall av kraft- og EKOM/IKT. Fylkesmannen tilrår å gjere meir utfyllande ROS-vurderingar av kritisk infrastruktur.

Til slutt vil Fylkesmannen oppmode Meland kommune om å etablere eit meir formalisert system for å sikre at resultat frå ROS-analysen vert følgd opp gjennom risikoreducerande tiltak og ført vidare til beredskapsplanar.

7. Fristar og vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om skriftleg tilbakemelding på tilsynsrapporten med plan for oppfølging av avvika innan 01.07.2017. Samstundes ber vi vidare om kvartalsvis status på framdrifta av arbeidet, per 1.10, 1.1 og 1.4.

- Avvik 1 skal vere lukka innan 01.01.2018
- Avvik 2 skal vere lukka innan 01.07.2018
- Avvik 3 skal vere lukka innan 01.01.2018

For å rekke å lukke avvika innan oppgitte fristar rår Fylkesmannen kommunen til å komme snarleg i gang med arbeidet.